

Tørdal Montessoriskule AS
org nr 837 773 482
v/Kristian Bronken
Brosdalsveien 177
3753 Tørdal
418 48 281
bronkers@gmail.com

Tørdal 19.06.2026

Drangedal kommune
Gudbrandsveien 7
3750 Drangedal

Høringssvar – sak 12/26 Hovedutvalg for helse, oppvekst og kultur

Følgande høringssvar angående [Kunnskapsgrunnlag for vurdering av skolestruktur i Drangedal kommune – Nedleggelse av Tørdal Skule](#) er utarbeidd av Tørdal Montessoriskule AS (heretter omtala som TM).

Bakgrunn

Allereie eitt år etter «førre runde» er Tørdal skule på nytt råka av ei sak om nedlegging. «Aksjonsgruppa Bevar Tørdal Skule» la ned om lag 700 dugnadstimar i kampen for å oppretthalde skulen, noko som medførte at kommunestyret 13. juni 2025, med stort fleirtal, vedtok å oppretthalde skulekrinsgrensene og framhalde drifta.

Fjorårets hauststormar medførte (overdriven) spådom om ein økonomisk kalddusj for kommunen sitt vedkommande, og kommunestyret vedtok i desember å ta inn nedlegging av Tørdal skule og SFO som ein salderingspost i økonomiplan 2027-2029. Tørdal måtte ta eit val - Skal det nok ein gong aksjonerast for å oppretthalde Tørdal skule? Konklusjonen var at med kommunen si utføreseielegheit med tanke på skulestruktur, ville vidare aksjonering for å bevare ein offentleg skule vere lite hensiktsmessig.

Heldigvis for Tørdal gav fjorårets skulesak ei bratt læringskurve i effektivitet og samhandling. Dette kom til sin rett då saka også denne gongen måtte handterast, riktig nok med ei anna tilnærming. ***I januar 2026 byrja arbeidet med å etablere eit privat skulealternativ i Tørdal, som har resultert i at det 16. mai 2026 vart stifta eit aksjeselskap med tilstrekkeleg eigenkapital til å søke Utdanningsdirektoratet (UDIR) om å etablere privatskule.***

Interessa for å ta eigarskap i selskapet er stor, og det vart ved ekstraordinær generalforsamling 14. juni vedteke ei kapitalforhøging for å ta inn dei over 70 nye aksjonærane som har registrert seg ved prøveteikning. I tillegg har selskapet motteke ein ikkje ubetydeleg sum i form av gåver.

TM sitt styre vil fram til frist 1. februar 2027 utarbeide ein søknad til UDIR om å starte privatskule. Styret har tatt initiativ til og vil, samtidig med søknadsarbeidet, ha omfattande dialog med det politiske miljøet i Drangedal.

Kvifor Tørdal treng ein montessoriskule – for heile Drangedals skuld

Vi ønskjer at barn skal kunne vekse opp i nærmiljøet sitt, med tryggleik, tilhøyrslø og nærleik til dei vaksne rundt seg. Samstundes meiner vi at familiar bør ha reelle valmoglegheiter når det gjeld pedagogisk tilnærming og organisering av skulekvardagen.

I små bygder heng alt saman, og skulen er av stor betydning for at lokalsamfunnet skal fungere. Med ein skule blir grunnlaget for barnehagen, næringsliv, møteplassar, frivillig aktivitet og busetnad vesentleg forsterka. Samstundes bidreg innbyggjarane i grendene med verdiskaping, arbeid og fellesskap.

Mange yngre har i seinare tid investert for å etablere seg i Tørdal, og fleire av desse har meldt si interesse for å ta eigarskap i Tørdal Montessoriskule AS gjennom aksjekjøp. Eit nytt skuletilbod vil vere vesentleg for vidare utvikling av både Tørdal og Drangedal som sådan, om den offentlege skulen forsvinn.

Å ha ein skule i Tørdal vil etter vårt syn vere ei svært god investering for framtida.

Våre synspunkt på kunnskapsgrunnlaget

Eit stort fleirtal i kommunestyret vedtok så seint som i juni 2025 å oppretthalde dagens skulestruktur, mellom anna fordi ein vurderte dei samfunnsmessige kostnadane for heile Drangedal til langt å overstige eventuelle innsparingar ved ei nedlegging. Dette vart grunngeve med mogelegheiter for vekst, blant anna som følge av etablering av datasenter. Det er difor naturleg å stille spørsmål ved kva som faktisk har endra seg sidan den gong. Elevtalet ved Tørdal skule er om lag det same som då saka sist vart behandla, og sjølv om kommuneøkonomien framleis er utfordrande, er dette ikkje ei ny problemstilling. Samstundes har utviklinga knytt til datasenteret i Tørdal kome vesentleg lenger enn ho hadde året før, noko som kan påverke både sysselsetting, bustadattraktivitet, behov for lokale tenester og ikkje minst inntektene for kommunen.

Kunnskapsgrunnlaget er i større grad utforma som eit svar på kvifor det er greitt å legge ned Tørdal skule, enn det teiknar eit nyansert bilete som tek meir omsyn til konsekvensane for dei som vert råka. Kva ei nedlegging kan bety for Tørdal sin attraktivitet som bustadområde, for frivillig sektor, lokalt næringsliv og den samla samfunnsutviklinga i kommunen, er i liten grad omtala. Særleg meiner vi at utviklinga knytt til datasenteret burde vore drøfta nærare. For å fullt ut kunne utnytte potensialet for utvikling rundt aktiviteten som går føre seg på Varpet, er det etter vårt syn ein føresetnad at datasenteret er omgjeven av ei levande bygd som er tett på. Å ha ein skule i Tørdal som ein av grunnsteinane i eit levande og engasjert bygdesamfunn, vil vere svært viktig i ein slik samanheng.

Kunnskapsgrunnlaget beskriv to hovudprioriteringar i kommunen sin strategi «Drangedal i omstilling og balanse» Punkt 1: «Ein robust og berekraftig kommuneøkonomi som legg grunnlag for ein tenesteproduksjon tilpassa demografiutviklinga fram mot 2030». Kunnskapsgrunnlaget sitt svar på punkt 1 er tilpassing av driftsnivået og mellom linjene peikast det på endring i skulestruktur som eit tiltak. Vi vil påpeike at i Tørdal aukar barnetalet fram mot 2030. Dette skjer uavhengig av dei langsiktige verknadene av datasenterutbygginga og anna utvikling i bygda, som vi også ser eit stort potensiale i.

Punkt 2 dreier seg om «Målretta satsing på tiltak som kan bidra til eit godt omdøme og ei positiv samfunnsutvikling i kommunen». *Kunnskapsgrunnlaget svarar ikkje på kva tiltak kommunen skal gjere for å ivareta punkt 2.*

Ved å legge til rette for eit privat skuletilbod i Tørdal vil kommunen hjelpe seg sjølv med å ivareta tiltak som rettar seg mot begge punkta nemnd ovanfor.

Kunnskapsgrunnlaget viser til at ei strukturendring fører til eit meir rettferdig og likeverdig skuletilbod sett frå eit økonomisk perspektiv. Igjen vil eit privat skuletilbod i Tørdal vere ei betre løysing då kommunen unngår å ta dei høge kostnadane per elev ved ein mindre skule, samstundes som elevane i Tørdal får høve til å gå på ein skule i sitt nærmiljø med dertil akseptabel reiseveg. Dette vil føre til ei større grad av rettferd for alle partar.

Det vert i kunnskapsgrunnlaget vist til eit breiare og meir robust profesjonsfellesskap på større einingar, samt betre mogelegheiter for individuelt tilpassa opplæring.

På ein skule i Tørdal vil det riktig nok vere avgrensa kor mange lærarar som kan vere tilsett.

Samstundes må det kome fram at det er eit godt samarbeid på tvers av dei 10

Montessoriskulane i Telemark, mellom anna gjennom fleire årlege møter i rektorkollegiet.

Frå 2020 har skulane hatt eit utviklingssamarbeid med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN). Først med utviklingsprosjektet «Læreplan i praksis» i samband med ny læreplan. Frå hausten av blir utviklingsprosjektet endra til «Tilpassa og individuelt tilpassa opplæring i eit montessorimiljø».

I utviklingsprosjekta er alle skulane i Telemark som ønskjer det, med som deltakarar, og alle dei 10 skulane deltek no. Aktivitetar i utviklingsprosjekta er felles planleggingsdag for heile personalet, i tillegg til rettleiingsbesøk frå USN på skulane. Det blir òg lagt opp til samarbeid og hospitering mellom skulane.

Kunnskapsgrunnlaget viser også til at større/nyare einingar gjev betre fysisk læremiljø, betre føresetnader for sosiale relasjonar mellom elevane, samt auka fleksibilitet/kompetansebreidde som kan medføre meir variert og praktisk opplæring. Neste kapittel, «Tørdal Montessoriskule som læringsarena» svarar for at dette vel så godt kan løysast ved ein mindre skule med eit alternativt pedagogisk opplegg.

Dette viser at det i stor grad finst løysingar på problemstillingar kunnskapsgrunnlaget peikar på ved mindre einingar.

Tørdal Montessoriskule AS ønskjer å understreke at vårt mål ikkje er å skape ytterlegare konflikt kring skulestrukturen i Drangedal. Tvert imot ønskjer vi å vere ein konstruktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å sikre eit godt og føreseieleg skuletilbod for barn og familiar. Likevel er det naudsynt å kritisere svakheitene i kunnskapsgrunnlaget då dette implisitt kan oppfattast å svekke grunnlaget for òg å ha eit privat skuletilbod.

Tørdal Montessoriskule som læringsarena

Tørdal Montessoriskule ønskjer å tilby eit pedagogisk alternativ for elevar i grunnskulen, basert på læreprinsippa til Maria Montessori og i tråd med gjeldande læreplanverk og lovverk. Skulen skal vere ei ikkje-kommersiell verksemd der alle offentlege tilskot og eventuelle skulepengar kjem elevane til gode. Samstundes ønskjer vi å vidareføre den lange tradisjonen med skuledrift i Tørdal og vere ein aktiv ressurs i nærmiljøet.

Tørdal har naturgjevne kvalitetar som gir unike moglegheiter for læring. Nærleik til skog, vatn og friluftsområde gjer det naturleg å bruke lokalmiljøet som ein del av undervisninga. Færre elevar og små elevgrupper kan gjere det enklare å leggje til rette for praktisk og variert opplæring, der elevane får utforske, erfare og lære gjennom aktivitetar både inne og ute.

Vi meiner at kvaliteten i skulen først og fremst handlar om menneska og miljøet som blir skapt, ikkje om kor ny eller moderne bygningsmassen er. Forsking gir ikkje grunnlag for å slå fast at nye skulebygg i seg sjølve fører til betre læringsutbytte. Det er kompetente og engasjerte tilsette, gode relasjonar og eit trygt og inkluderande læringsmiljø som er avgjerande for elevane si utvikling og meistring.

I ein liten skule med aldersblanda grupper kan elevane få moglegheit til å lære av kvarandre og utvikle omsorg, ansvar og samarbeid på tvers av alder. Dette er ein arbeidsmåte som harmonerer godt med Montessori-pedagogikken. Aldersblanding kan òg bidra til at ingen elevar opplever å stå åleine, sjølv om enkelte årskull er små. Kvart barn blir ein viktig del av fellesskapet.

Tørdal Montessoriskule ønskjer vidare å trekkje inn ressursane som finst i lokalsamfunnet. Foreldre og andre med tilknytning til bygda sit på verdifull kunnskap og erfaring innan mellom anna friluftsliv, jakt, fiske, handverk og berekraftig bruk av naturressursar. Dette kan vere med på å gjere opplæringa meir relevant, praktisk og meningsfull for elevane.

Målet er ikkje å konkurrere med den kommunale skuledrifta, men å vere eit supplement og eit alternativ for familiar som ønskjer ei anna pedagogisk tilnærming. Eit mangfald av skuletilbod kan kome fleire elevar til gode og bidra til at fleire familiar vel å busetje seg i kommunen. Vi trur at ein montessoriskule i Tørdal kan styrkje bygda sin attraktivitet og samtidig vere eit positivt bidrag til Drangedal som heilskap – ein skule der nærleik, fellesskap og meistring står sentralt, og der lokale natur- og kulturressursar blir tekne i bruk til beste for elevane.

Skulebygg

TM har ønskje om å nytte Steinslandsveien 14 til si verksemd og vil gjerne ha dialog med kommunen angåande skulebygget frå eit så tidleg tidspunkt som råd. Vi viser til at nedlagte skulebygg i kommunen har blitt seld til grendelaga for kr 1 og oppfordrar til at skulebygget i Tørdal framleis kan nyttast og/eller overtakast til vidare skuledrift på rimelege vilkår.

Vedlegg til kunnskapsgrunnlaget tilseier at Tørdal skule har eit oppgraderingsbehov på 14,4 millionar + MVA. Oppgraderingsbehovet er grovrekna og lite spesifisert samstundes som det er lett å sjå seg blind på dei høge tala. Til samanlikning var vedlagt estimat for oppgradering i kunnskapsgrunnlaget til saka i 2025 på 6,2 millionar + MVA og vi stiller spørsmål ved kvifor dette har endra seg så mykje på berre eitt år.

Tidsperspektiv og økonomi

Når kommunen vurderer endringar i dagens skulestruktur meiner vi det er av stor verdi å finne løysingar som legg til rette for ein god overgang til eit framtidig privat skuletilbod i Tørdal. Ei slik tilnærming vil kunne gi elevane tryggleik og kontinuitet, samstundes som kommunen får tid og handlingsrom til å gjennomføre nødvendige omstillingar på ein ansvarleg måte. Vårt ønskje er å bidra til at Drangedal også i framtida kan tilby eit mangfaldig og attraktivt skuletilbod – til beste for elevane, familiare og kommunen som heilskap.

Etablering av eit privat skuletilbod er ein omfattande prosess som krev tid til søknadsarbeid med påfølgjande behandlingstid, rekruttering og kompetansebygging. Tida mellom kommunestyrevedtak om økonomiplan i desember 2025 og fristen 1. februar 2026 var altfor knapp til å utarbeide ein søknad av tilstrekkeleg kvalitet. Som nemnd vil TM bruke tida fram til 1. februar 2027 på å utarbeide søknad til UDIR om å starte privatskule. Vidare må vi i tidsperspektivet ta høgde for å inngå avtale med rekruttert personell om kompetanseheving.

Å utdanne seg til montessoripedagog er eit deltidsstudie, og ein kandidat som startar utdanninga hausten 2027 vil tidlegast vere ferdig utdanna våren 2029.

I kunnskapsgrunnlaget for skulestruktur anno 2025 var eit av fleire alternativ å oppretthalde Tørdal skule med 1. – 4. trinn, organisert som eit oppvekstsenter med Tørdal barnehage. Dette ville i følgje framlagte tal medføre ei årleg innsparing på 2 millionar. Når nedleggingssaka nok ein gong kjem fram og Tørdal si tilnærming til saka er endra, er det aktuelt å sjå på dette alternativet på nytt.

Vårt forslag er difor at Drangedal kommune som eit minimum driv Tørdal skule med 1. – 4. trinn fram til hausten 2029 slik at Tørdal Montessoriskule AS får tilstrekkeleg tid til etablering.

Ei slik løysing vil medføre at TM får tilstrekkeleg tid til søknadsprosess og rekruttering av personell, samstundes som Drangedal kommune kan drifte Tørdal skule rimelegare dei siste åra den blir drive i kommunal regi. Det vil også vere i tråd med Montessori Norge si anbefaling om å starte ein montessoriskule med dei lågaste klassesetninga og bygge ut med eitt trinn per år.

Avslutningsvis vil vi minne om 2. tertialrapport 2025 som varsla om ei prognose om underskot på 18,3 millionar, vart moderert til eit netto driftsresultat på minus 4,2 millionar. Vi vil også påpeike at auka eigedomsskatt og andre inntekter til kommunen som følgje av datasenterutbygginga i Tørdal kjem inn i budsjettet i åra framover.

Sjølv om kommunen sin økonomi framleis er stram, meiner vi at vårt forslag, saman med eit betre driftsresultat enn venta, gjev grunnlag for at den kommunale skuledrifta i Tørdal kan avsluttast på ein betre måte enn ein bråstopp hausten 2027.

At det som byrja med ei aksjonsgruppe har blitt omforma til Tørdal Montessoriskule AS viser at me i Tørdal tar ansvar for vår eiga framtid. Å forsone oss med at den kommunale skuledrifta vil ta slutt har vore ein prosess å komme igjennom, samstundes som det er svært givande å ta fatt på arbeidet med å etablere ein ny skule. For Tørdal og Drangedal som sådan er det av stor betydning at kommunestyret ser verdien i arbeidet som leggst ned for å opprette ein ny skule, og legg til rette for ein god overgang frå offentleg til privat skuledrift.

Med helsing

Styret i Tørdal Montessoriskule AS